



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Egil Hauge, 5557 2350
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
08.03.2018
Dykkar dato
18.01.2018

Vår referanse
2017/3333 421.4
Dykkar referanse
17/2204

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Samordna uttale med motsegn - Lindås – gnr. 188 bnr. 66, 69, 116, 357, 741 m fl – E 39 Knarvik sentrum - detaljregulering

Vi viser til oversending av 18.1.2018, med kunngjering av førstegangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for E 39, Knarvik sentrum. Vidare viser vi til brev av 22.12.2017 om delegering av mynde til å samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Endeleg viser vi til avtale om utsett svarfrist.

Bakgrunn

Fylkesmannen har mottatt to ulike framlegg (alternativ 1 og 2) til reguleringsplan for E 39 Knarvik sentrum – oval rundkøyning i Lindås kommune til offentlig ettersyn.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å detaljere E 39 gjennom Knarvik sentrum og sikre areal for anleggsbelte og riggområde i anleggsfasen. Hovudforskjellen på dei to framlegga til reguleringsplan er at *alternativ 1* inneheld sykkelfelt på sørsida av gnr. 188 bnr. 357 og på sør- og autsida av gnr. 188 bnr. 358, mens dette er teke bort i *alternativ 2*.

Statlege uttaler med motsegn til planen

Fylkesmannen har i denne saka mottatt uttale med motsegn frå Statens vegvesen (SVV), jf. brev av 16.2.2018, som kommunen har fått som kopi. Summert opp, peikar SVV på at:

Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planforslag alternativ 2. Våre motsegner er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Alternativ 2 vil gi redusert trafikkikkerhet for sykkistar i området, og redusert framkome for både sykkistar og gåande i sentrumsområdet. Statens vegvesen rår til at Fylkesmannen i Hordaland fremjar motsegn til planforslag alternativ 2.

Når det gjeld den nærare grunngjevinga, syner vi til SVV sin uttalen. Fylkesmannen har vurdert motsegna og har ingen merknader til grunngjeving eller forankring av denne. Motsegna vert ikkje avskoren.

Vidare har Fylkesmannen vurdert planen ut frå eige medverknadsansvar i den kommunale arealplanlegginga. Vi vurderer at planen på nokre punkt kan stride mot statlege interesser og føresetnader for arealplanlegginga på ein måte som utløyser trong for å fremje motsegn.

Fylkesmannen si vurdering

Planområdet omfattar i hovudsak areal som inngår i områdeplanen for Knarvik sentrum. Områdeplanen har rekkefølgekrav knytte til ferdigstilling av samferdsleanlegg. Utviklinga av sentrumsområdet er avhengig av at vegsystemet er på plass.

Kommunen viser i vurderinga si til at Norconsult har utarbeidd ein moglegheitstudie av dei to alternativa. Administrasjonen i kommunen har vurdert alternativa på bakgrunn av denne. Administrasjonen tilrår at alternativ 1 vert lagt ut til offentlig ettersyn med denne grunngevinga:

«Det kan virke uproblematisk å fjerne eit enkelt sykkelfelt for å gi meir plass til ein bensinstasjon, men denne sykkelvegen er m.a. skulevegen for mange barneskuleborn. Det er lagt opp til 2 000 nye bueiningar i Knarvik sentrum, og skulevegen for både eksisterande og framtidige bustader i Knarvik går forbi Shell-tomta og vidare mot Stallane direkte til den nye barneskulen som er under oppføring aust for kyrkja. I kommuneplanen sin samfunnsdel, som var vedteke 21.09.2017, er det slått fast at kommunen skal ha fokus på å utvikle samanhengande gang- og sykkelveggar og sikre areal til trygge barnehage- og skuleveggar. Om sykkelfeltet ved gbnr. 188/358 vert fjerna, vil dette vere i strid ved vedtekne prinsipp og politikk.

I prosessen med utarbeiding av dei to ulike reguleringsalternativa, er det vist at Shell kan reetablere bensinstasjon innanfor begge framlegga, og at tilleggsarealet som fjerning av sykkelfeltet gir ikkje påverkar moglegheitene for å utforme ein funksjonell bensinstasjon. Det minimale, ekstra arealet bensinstasjonen kan få er ikkje naudsynt for drift av bensinstasjon på Shell-tomta og står ikkje i rimeleg forhold til dei trafikale og tryggleiksmessige konsekvensane fjerning av sykkelfeltet gir. Ved fjerning legg ein opp til eit trafikkfarleg system som vil auke risikoen for alvorlege sykkelulykker.

Administrasjonen si vurdering er at alternativ 2 ikkje varetek dei same omsyna som alternativ 1 gjer innanfor ein akseptabel, fagleg ståstad. Administrasjonen tilrår at det opphavlege planframlegget – alternativ 1 – vert vedteke.»

Plan- og miljøutvalet vedtok 11.01.18 å leggje begge planframlegga ut til offentlig ettersyn.

Fylkesmannen si vurdering er òg at denne reguleringsplanen er viktig for å få til eit godt tilbod til gåande og syklende i Knarvik sentrum.

Alternativ 2

Alternativ 2 er vurdert av Norconsult til å gi eit betydeleg dårlegare tilbod til gåande og syklende enn alternativ 1. Fordelane ved alternativ 2 er at bensinstasjonen får litt meir plass, men det er ikkje dokumentert vanskar med å drive med den plassen dei får i alternativ 1. Fylkesmannen er samd med administrasjonen i kommunen og Norconsult i at gevinsten av ekstra areal til bensinstasjonen ikkje står i rimeleg forhold til konsekvensane som fjerning av sykkelfeltet gir når det gjeld både trafikk- og tryggleiksomsyn.

Vi viser til Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP) der det mellom anna står:

«Planleggingen skal bidra til å styrke sykkel og gange som transportform. I større by- og tettstedsområder der økt bruk av sykkel og gange kan bidra til effektive løsninger for transportsystemet, bør det utarbeides planer for et sammenhengende gang- og sykkelvegnett med høy kvalitet.»

Vi viser til at kommuneplanen sin samfunnsdel har som strategi nr. 11 å *«utvikle samanhengande gang- og sykkelveggar, og leggje til rette for sykkelparkering i sentrumsområdet.»*. Det står også at ein, i underordna planer skal: *«Sikre areal til gang- og sykkelvegnettet. Sikre areal til sykkelparkering. Sikre areal til trygge barnehage-/skuleveggar.»* Samfunnsdelen i kommuneplanen vart vedteke 21.09.2017.

Fylkesmannen si vurdering er at alternativ 2 klårt bryt med SPR-BATP, og er heller ikkje i tråd med kommunen sin eigen samfunnsdel.

Alternativ 1

Norconsult har vurdert at ein i alternativ 1 får eit samanhengande framtidsretta sykkelsystem som tilrettelegg for auka bruk av sykkel. Fylkesmannen er i hovudsak einig i det. For eit endå betre system vil vi rå til at sykkelfeltet sør og aust for Kvassnesvegen held fram til planlagt gangfelt over E 39.

Utvida dialog med kommunen

I tråd med rutinane for den statlege samordninga av motsegner, har kommunen fått tilbod om ein utvida dialog i høyringsfasen. Det har kommunen ikkje ønska, men i staden bede om å få uttaler med motsegn oversendt innan avtalt frist.

Konklusjon

Statens Vegvesen har meldt inn trong for å fremje motsegn til Fylkesmannen til planforslag 2. Fylkesmannen si vurdering er òg at alternativ 2 er fremja i vesentleg strid med føresetnadene i *Statlege planretningslinjer for samordna bustad- areal og transportplanlegging* og kommunen sitt overordna plangrunnlag. Det ligg såleis føre motsegn til dette planframlegget.

Motsegna inneber at dette planframlegget ikkje kan vedtakast av kommunen. Vi legg difor til grunn at Lindås kommune no vil arbeide vidare med ei planløsning for området som kan vedtakast ved kommunalt planvedtak. Skulle kommunen likevel kome til at ein vil gå vidare med eit alternativ det er knytt motsegn til, vil alternativet vere å be om mekling, jf. pbl. § 5-6.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen - Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen